

Melodiøse meistrar og 6 på terningen.

27.01.2013

**Conor Patrick & the Shooting Tsar Orchestra har teke musikkpublikum med storm i seinare tid. Sist veke hagla superlativa fra Adressa sine musikkanmeldarar i samband med konsert i Trondheim, og det resulterte i både 6 og 5 på terningkasta. Midt i denne suksessrike flokken er den dyktige uskedelingen og bassisten Ruben Aksnes.**

Conor Patrick & The Shooting Tsar Orchestra har nyleg gjeve ut singelen 'Talk, Talk, Talk, Talk', eit musikkstykke som varer i vel 6 minutt. Adressa sin musikkmedarbeidar var over seg av begeistring, og gav dei ein klar 6'ar for det som vart presentert. Etter å ha hørt det nokre gonger sluttar eg meg til denne vurderinga. Det er ein fantastisk låt av rockestorbandet!

Fredag spela bandet konsert i Trondheim, og Adressa hadde ny anmeldar på plass. Under overskrifta 'Melodiøse Mestere' var det tett mellom dei rosande orda, og nok eit godt terningkast: 5. Anmeldar Kai Kristiansen skriv m.a.: 'Vokalist og band framsto som ekstremt samstemte. Det var egenrådig og snålt, men på en fin måte. Litt klønnete, men samtidig fokusert, selvsikkert og vågalt. De drivende melodiene løftet musikken til en mektig opplevelse, toppet i et deilig pompøst avslutningsparti.' Kristiansen avsluttar slik: 'I hvert fall – da de avsluttet med sin nye singel «Talk Talk Talk Talk» (anmeldt til terningkast 6 i Adressa i år), var helt sikkert flere enn meg overbevist, og bandet dessuten i optimal form til å framføre sin aller beste låt. Det ble et deilig punktum der Conor Patricks lårskrivelalent kom til sin rett, rockestorbandet fikk vist seg fram i all sin prakt – og vi begynte å glede oss til å høre mer fra denne fine, rare gjengen.'

Singelen 'Talk, Talk, Talk, Talk' kan høyrast ved å klikke på denne linken: <http://www.youtube.com/watch?v=9swplaPYr9M>

Meir om desse spennande artistane på heimesida til Conor Patrick: <http://conorpatrick.no/>

Absolutt eit nytt tips til Festidalen om band med lokal tilknyting.

Ruben Aksnes går i tillegg på musikkteknologi på NTNU i Trondheim. Han er og svært aktiv i den dyktige rocketrioen Jitney. Også Kim Christer Hylland frå Jitney er med i The Shooting Tsar Orchestra. Det er lett å skjøna at Ruben trives fantastisk godt med det han driv med.

Av: Thor Inge Døssland.